



SURNADAL KOMMUNE

**LOKALE RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL
TILTAK I BEITEOMRÅDE FOR
SURNADAL KOMMUNE
2024-2028**

Vedteke i hovudutval for tenesteutvikling (HTU),
15.mai 2024, sak 24/00910

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

Innhald

1. Bakgrunn.....	1
2. Organisering av arbeidet.....	1
3. Status og utfordringar for beitebruken 2024-2028.....	2
4. Heimel.....	3
5. Målet med tilskot til tiltak i beiteområde	3
6. Krav til søknaden og vedlegg.....	4
7. Vilkår til søknadane	4
8. Kva ein kan søkje på og prioritering av tiltak.....	4
9. Tilskotssatsar.....	6
10. Søknadsfrist og korleis søker	6
11. Utbetaling	7
12. Arbeidsfrist.....	7
13. Anna relevant regelverk.....	7

1.Bakgrunn

Ordninga med tilskot til tiltak i beiteområde vart overført frå Statsforvaltaren, da Fylkesmannen i Møre og Romsdal, til kommunane med verknad frå og med 01.01.2020. Retningslinjene for ordninga er heimla i [Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#) og i Rundskriv 2019-45 «[Kommentarer og utdypende forklaringer til forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#)» frå Landbruksdirektoratet.

Surnadal kommune sine første retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde vart vedteke i hovudutval for miljø, areal og teknikk (MAT), den 27.05.2020. Dei var gjeldande for 2020-2023.

2.Organisering av arbeidet


Surnadal Bondelag, Todalen Bondelag, Rindal og Surnadal bonde- og småbrukarlag, Surnadal beitelag, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune har fått desse retningslinjene til høyring.

3. Status og utfordringar for beitebruken 2024-2028

Surnadal kommune hadde i 2023 148 føretak som søkte produksjonstilskot, mot 285 i 1996 og 220 i 2003.

Når det gjeld kor mange av føretaka som har husdyr i utmarka, så var det 65 i 2021, mot 161 i 1995. Sau på utmarksbeite vart i same periode redusert frå 10836 til 7010. For storfe på utmarksbeite har derimot tala i perioden auka frå 762 til 1169. Desse tala og tabellen er henta frå innlegg av Yngve Rekdal, NIBIO på Kløverstumøte 4.mars 2024.

Husdyrtal i utmark i Surnadal



- Sauetal har gått ned med 35 % frå 1995**
- Storfetal har auka med 53 % frå 1995**
- Gardar med dyr i utmark har gått ned med 60 %**
- 45 % av alle jordbruksbedrifter slapp dyr i utmark**

www.ssb.no

Surnadal kommune har store områder med utmarksbeite. Rekdal la fram at vi no ikkje utnyttar meir enn 29 % av kommunen sin fôrressurs i utmarka:

Beitekapasitet Surnadal kommune

- Utmarksareal 1255 km²**

Nyttbart beiteareal 48% = 602 km²

- Kapasitet: $602 \text{ km}^2 \times 70 \text{ sau/km}^2 \approx 42\,000 \text{ sau}$

- Dyretal i utmark 2023: 1223 storfe (-25%), 6775 sau, 211 geit og 24 hest $\approx 12\,000$ saueeininger.

- Utnytting husdyr 29 %**

Vi har jo ein del hjortedyr som treng ein del av dette (sett til 26%, 11 millionar føreiningar av 46, totalt for Møre og Romsdal fylke). Uansett så er det framleis veldig mykje uutnytta føressursar i utmarka vår.

Historisk har bruk av utmarksressursane vore mykje av grunnlaget for busettinga i landet. Ikkje berre til beite, men det var også derifrå det meste av vinterføret kom frå. Kulturlandskapet skapt av landbruket, og da ikkje minst beiting, må skjøttast skal landskapet og beitekvaliteten takast vare på. Attgroing er ei stor utfordring.

Kulturlandskapet er ein viktig del av naturopplevinga for dei som går tur, både lokalt folk og turistar. Det er berre ei aktiv beitenærings som kan nytte areal der maskinar ikkje kjem til, og beitedyra er derfor nødvendig for å behalde mykje av kulturlandskapet vårt i kommunen.

Beiting vil også fremje det biologiske mangfaldet, i tillegg til at det er ei berekraftig og rimeleg driftsform med god dyrevelferd. Dette er viktig for framtidas matproduksjon.

Endra bruk av utmarka med meir hyttebygging, inngjerding av hyttetomter, fritidsbruk, rovdyr og laushundar er nokon av interessekonfliktane som kan føre med seg utfordringar for beitenæreringa.

4. Heimel

Retningslinjene er heimla i [Forskrift om tilskudd i beiteområder](#) og i Rundskriv 2019-45 «[Kommenter og utdypende forklaringer til forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#)» fra Landbruksdirektoratet.

Ein kan yte tilskot til beitelag og andre former for organisert samarbeid der ein driv beiting i utmark som ein del av næring. I område der det pga. naturgitte eller driftsmessige høve ikkje ligg til rette for samarbeid kan føretak som oppfyll krava i forskrift om produksjons- og avløysartilskot § 2 også søkje om tilskot.

5. Målet med tilskot til tiltak i beiteområde

Føremål §1(i [Forskrift om tilskudd i beiteområder](#)): Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

6. Krav til søknaden og vedlegg

- **Framstilling av behovet for tiltaket.** Omfattar søknaden fleire tiltak, må søker sette opp ei oversiktleg prioriteringsliste som omfattar alle tiltaka. Søknadsskjema finn du under punkt 10
- **Kart (oversiktskart og detaljert kart)**
- **Kostnadsoverslag:**
 - Faste installasjonar – material- og arbeidskostnader (eige og leigd arbeid).
 - Elektronisk overvakingsutstyr – innkjøpspris
 - Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt – lønnsutgifter, kjøp av tenester m.m.
- **Finansieringsplan**
- **Plan for tiltaket**
- **Eventuelt aktuelle avtalar (leigeavtale etc.)**
- **Eventuelt bilde og/eller teikningar**

7. Vilkår til søknadane

Tilskot kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjellelag) som er registrert i Einheitsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som sett i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Tilsvarande gjeld for føretak som har rett til produksjonstilskot etter § 2 i [forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket](#) der det grunna naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Det kan ikkje gjevast tilskot til investeringstiltak og/ eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd på ei periode mindre enn 10 år.

Tilskotet kan avslåast dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbegynt før søknaden er handsama.

Ved søknad om tilskot til faste installasjonar som sperregjerder og sankeanlegg i beiteområda i Surnadal kommune, så må det vera skriftleg avtale med grunneigar på minimum 10 år. Avtalar leggast ved søknaden. Kommunen tilrar å ta utgangspunkt i [avtalemalar utarbeida av Norsk Sau og Geit](#). Desse kan forenklast og tilpassast lokale behov. Ansvar for vedlikehald og fjerning av anlegg etter bruk bør gå fram av avtalen.

Det kan ikkje gis nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjelder ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.

Tiltak i beiteområde som har betyding for reindriftsinteressene må avklarast med reindriftsnæringa før innsending av søknad.

8. Kva ein kan søkje på og prioritering av tiltak

Tilskot kan gis til faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk i utmark, samt tidsavgrensa planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Prioritet	Tiltak	Tilskotsats av kostnadsoverslag Inntil:
Høg	Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Beitekartlegging, utarbeiding av planer (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv), ny/endra organisering av beitelag og utmarksbeiteområder	70%
Middels	<p>Elektronisk overvakingsutstyr og -gjerde. Eksempel: radiobjøller, elektronisk gjerder, drone, merkeavlesar. Legg ved eventuelle tilbod/prisoverslag i søknaden.</p> <p>For elektronisk overvakingsutstyr kan det i utgangspunktet gis tilskot for inntil 50 % av dyretalet i besetningen.</p> <p>-For elektronisk gjerde (Nofence/Monil ev. fleire) er følgjande avgrensing gjort for å fordele tilskotspotten på flere søkerar med beitedyr:</p> <ul style="list-style-type: none"> • For storfe kan det gis tilskot på 2.000 kr per klave, avgrensa til fem klavar per brukar. For klavar ut over dei første fem, kan det gis inntil 1.000 kr i tilskot per klave. • For geit/sau kan det gis tilskot på 1.000 kr per klave, avgrensa til fem klaver per bruker. For klaver ut over de første fem, kan det gis inntil 640 kr i tilskot per klave • Ladarar, ekstra batteri og årsabonnement gir ikkje grunnlag for tilskot. Avgrensinga gjeld dersom det totale søkeradbeløpet overstig tilskotspotten. <p>-For tilskot til elektronisk gjerde vil deltakarar i beitelag bli prioritert, dersom det ligg til rette for deltaking i beitelag. Besetningar med storfe og geit vil bli prioritert framfor besetningar med sau (sau kan også få via FKT-midlar).</p> <p>-Søkarar som ikkje har motteke tilskot til elektronisk gjerde frå denne ordninga tidlegare, vil bli prioritert.</p>	70%
Middels	Sperregjerde Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerder kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, tett busetnad og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot gis normalt ikkje til dette. Heller ikkje skal det gis tilskot til gjerder mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde.	50%
Middels	Ferist Ferister bør vere av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar	50%
Middels	Bruer Det kan gis tilskot til bruar som er dimensjonert for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan	50%

	kostnadsoverslag eller tilskotssandel reduserast tilsvarende.	
Middels	Gjetarhytter Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m ² med kvadratmeterpris tilsvarende gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.	50%
Middels	Sanke – og skiljeanlegg Det kan gis tilskot til faste eller mobile sanke- og skiljeanlegg.	50%
Låg	Saltsteinautomatar	50%
Låg	Driftevegar Rydding av driftevegar i beiteområde.	50%
Låg	Informasjonsmateriell/skilting Eksempel: skilt med info om bandtvang, alle grinder skal lukkast og vise omsyn til dyr på beite.	50%

- **For alle søknader der søker har moglegheit til å søkje samfinansiering av tiltaket frå andre midlar, kan det fastsettast lågare tilskotssats.**
- **Er søknadsomfanget større enn ramma for tilskot, kan søker om tilskot bli avslege med å vise til knappheit på midlar, eller alternativt utsettast til neste år.**
- **Dersom det eit år kjem inn mange søker i forhold til midlar, blir det set eit øvre tak for å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt.**

9. Tilskotssatsar

Satsar for eigen innsats:	
Verdi per time eigeninnsats	Kr 350
Verdi per time m/motorsag	Kr 400
Verdi per time m/traktor	Inntil kr 800
Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden blir satsane ovanfor justert tilsvarende. Timesats for arbeid med maskinar er inkludert drivstoff og olje.	
Tilskotsats:	
Tilskotsats for investeringar i beiteområde	Inntil 50%
Tilskotsats for elektronisk overvakingsutstyr	Inntil 70%

10. Søknadsfrist og korleis søker

Søknadsfristen i 2024 er 1. juni. Seinare år blir fristen 15.mars.

Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no --> Jordbruk --> Ordningar for jordbruk --> [Tilskot til tiltak i beiteområde](#). Logg inn via Altinn med beitelaget (jordbruksføretaket) sitt organisasjonsnummer.

Utlysing med søknadsfrist vert sendt ut via informasjonsskriv på e-post og lagt ut på heimesida til kommunane.

11. Utbetaling

Når søker heilt eller delvis har gjennomført løyvd tiltak, så skal det leggast inn utbetalingsoppmodning på same stad som det vart søkt:

Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no --> Jordbruk --> Ordningar for jordbruk --> [Tilskot til tiltak i beiteområde](#). [Logg inn via Altinn](#) med beitelaget (jordbruksføretaket) sitt organisasjonsnummer.

Kommunen utbetalar innvilga tilskot etterskotsvis når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadane til gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet blir lågare enn godkjent kostnadsoverslag, reduserast tilskotet tilsvarende.

Det kan gjerast utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som deler av tiltaket eller prosjektet utførast. Minst 25 % av tilskotet skal haldast tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapet er godkjent.

12. Arbeidsfrist

Frist for gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet er 3 år frå tilskotet blir innvilga, med mindre kortare frist er omsøkt.

Kommunen kan etter søknad forlengje gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

13. Anna relevant regelverk

- [Veiledning og instruks for forvaltningsansvar og saksbehandling \(oppdatert 20.01.2021\)](#).
- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\)](#)
- [Lov om kulturminner \(Kulturminneloven\)](#)
- [Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltskader og konfliktdempende tiltak](#)